

# Gode råd og krav til gjennomføring av Barnas Fjordhestlag-arrangement

*Målet med eit BFL-arrangement er at barn og unge skal få bli kjent med den fantastiske og allsidige rasen fjordhest. Deltakarane skal vere sett og ivaretatt tryggleiksmessig. Dei skal oppleve mestringkjensle og fjordhesteglede.*



Det skal også vere kjekt å arrangere eit BFL-arrangement. Denne oversikta over gode råd og krav til eit vellukka arrangement er laga for at både arrangørar og deltakara skal få ei god oppleveling med fjordhesten.

Det må gå tydleg fram av invitasjonen og informasjon at dette er eit Barnas Fjordhestlag-arrangement. Arrangementa skal vere rekrutterande og informasjon om medlemskap i Barnas Fjordhestlag må vere tilgjengeleg for deltakarane. Arrangøren må vurdere om deltakarane må vere medlem i laget eller ikkje.

## Ansvarleg person

Ein person over 18 år med god erfaring må ha eit overordna ansvar for tryggleiken og gjennomføring av arrangementet. Den har også ansvar for at dei hjelparane som handterer hest har erfaring med og kunnskap nok til den oppgåva dei har. Ansvar betyr også å sørge for at deltakarane og publikum får nødvendig informasjon.

## Hestemateriell

Hestane skal hovudsakleg vere fjordhestar.

Dei ansvarlege må kjenne hestane og vite at dei fungerer i dei planlagde aktivitetane. Hestar med uheldige opplevelingar skal ikkje brukast, spesielt innan køyring.

For aktivitet med riding eller køyring skal hestane vere fem år eller eldre.

Det kan være lurt å ha fleire hestar som kan bytte på de ulike postane.

## Stad

Området der arrangementet vert arrangert må være eigna til formålet og helst avgrensa. Tenk på både hest, deltakarar, publikum, bilar, hengrar m.m.

## Utstyr

Alle MÅ bruke hjelm under riding, køyring og mònstring av hest. Ved anna handtering må arrangør vurdere om dette er eit krav.

Deltakarane bør ha eigna sko.

Uhell

Arrangøren må gjere ei vurdering om kva utforutsette hendingar som er aktuelle og sette i verk tiltak for å hindre uhell. Sjå oversikt over generelle risikomoment

Arrangementet må ha tilgang på førstehjelpsutstyr.

Ha kontaktinformasjon til føresette dersom ungane deltek på aktivitetane åleine.

Norges Fjordhestlag har ikkje forsikring som dekker deltakarane, men det fleste har reiseforsikring som dekker denne typen aktivitet.

# Sjekkliste for gjennomføring av BFL-arrangemnet

Denne er generell, men inneholder nokre punkt og spørsmål det kan vere lurt å tenke gjennom når ein skal planlegge eit arrangement.

Tidspunkt	Planlegg i god tid. Sett gjerne opp ein årsplan over planlagde arrangement. Då vert det lettare å planlegge – både for arrangør og publikum.
Kva skal skje? Kva inviterer de til ?	Tenk gjennom korleis de ønsker arrangementet. Kva skal skje. Skriv ein enkel tekst som forklarer publikum kva dei er invitert til. Set opp ein liten køyreplan for dei som deltek.
Budsjett	Set opp eit lite budsjett for arrangementet. Kva kostnader er det? Er det inntekter? Kan ein søke midlar til denne aktiviteten
Mannskap, utstyr og evt hestar	Sjekk at de har nok mannskap og eigna hestar. Er det anna utstyr som trengs? Hjelmar?
Stad	Finn ein stad som eigner seg. Er det nok plass? Kva med parkering?
Målgruppe	Kven er arrangementet for. Kven ventar de at skal kome. Tenk gjennom dette, så vert det lettare å nå målgruppa med invitasjonen og å lage eit passande opplegg.
Risikovurdering	Gjer ei enkel risikovurdering  Er desse punkta vurdert? <ul style="list-style-type: none"><li>• Fjordhestar tilpassa aktiviteten</li><li>• Hestar eldre enn 5 år</li><li>• Eigna område</li><li>• Nok hjelmar</li><li>• Vurdere uforutsette hendingar</li></ul>
Marknadsføring	Korleis gjer de arrangementet kjent for målgruppa? Kven er publikum?  Aktuelle kanalar kan vere: -medlemsinfo -plakatar -sms - facebook - annsering - pressemelding - kontakt evt. media - m.m.  Hugs tilgjengeleg informasjon om BFL under arrangementet.
Andre ting	Gje nokon i oppgåve å fotografere og dokumentere aktiviteten. Hugs å planlegg rydding før arrangementet tek til. Arrangementet bør ha tilgang på førstehjelpsutstyr. Ha kontaktinformasjon til føresette dersom ungane deltek på aktivitetane åleine.
Evaluering	Det er alltid lurt å evaluere arrangement. Gjer dette så raskt som mogeleg etterpå. Gjekk det som planlagt? Kvifor/ kvifor ikkje? Kva kan gjerast annleis neste gong? Kva var responsen frå deltakarane? M.m.